



MØTEPROTOKOLL

Utval:	Komite for Helse og omsorg
Stad:	Herøy rådhus, Formannskapssalen
Dato:	22.08.2013
Tid:	14:00 – 16:30

Medlemer som møtte:

Fred Hansen	Leder	H
Hege Nedreberg Vestavik	Medlem	H
Karly Ingunn Teige	Medlem	FRP
Ole Brubakk	Medlem	KRF
Kaja Runde	Medlem	FOLK/SP
Janita Iren Westbø Remøy	Nestleder	AP

Forfall:

Knut Tandberg	MEDL	H
---------------	------	---

Andre: Pleie og omsorgsleiar Ragnhild Velsvik Berge

Til å skrive under protokollen saman med leiaren vart desse valde:

Janita Westbø Remøy og Hege Westavik

underskrifter

Janita Westbø Remøy

Fred Hansen

Hege Westavik

SAKLISTE:

Saksnr	Innhold
PS 25/13	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 26/13	Protokoll frå førre møte
PS 27/13	Underveis-evaluering av komitèarbeidet. Erfaringar så langt, og evt. justeringar.
PS 28/13	Felles nattlegevakt i Volda - vertskommunesamarbeid
PS 29/13	Omgjering av lærlingstilling til fast stilling

Orientering/drøfting:

1. Bu- og habiliteringsleiaren orienterte om arbeidstid, pauseavvikling og bruk av fellesrom til pauseavvikling på Nestunet. Eit oppslag om pauseavvikling har vekt reaksjonar. Dette er tatt ned og erstatta av eit nytt oppslag. Komiteen ynskjer at budskapet/intensjonen vert endå tydeligare, og ber leiaren om å ta ansvar for det.

Folk som kjem inn utanfrå stusser på at personalet ser ut til å ha mykje sosial fritid. Dette må NT finne gode løysingar på. Ein må sjå på fleksible løysingar for bruk av fellesrommet i samband med pauseavviklinga. Dialog med pårørande er sentralt i dette.

2. Omvisning på Solheim dagsenter, og orientering frå seksjon for psykiatri i Barn, familie og helseavdelinga.

PS 25/13 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

Møtebehandling:

Ingen hadde merknader til innkalling og sakliste.

PS 26/13 PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE

Møtebehandling:

Protokoll frå førre møte låg føre.

PS 27/13 UNDERVEIS-EVALUERING AV KOMITÉARBEIDET. ERFARINGAR SÅ LANGT, OG EVT. JUSTERINGAR.

Møtebehandling:

Medlemmane opplever å ha fått ny kunnskap. Det er nyttig med synfaringar, og det å få sjå tenesteforholda sjølv gir viktig erfaringskompetanse. Komiteen har fått innspel/orientering frå dei tilsette. Det vart diskutert korleis ein kan kome i dialog med pårørande. Brukarundersøkingar kan vere ein arena for dette. Refleksjon over slagordet "muligheit for alle". Kven er alle ? Kommunestyret ivaretek organisasjon /arbeidsgivardelen, og komiteen ynskjer å fokusere på tenesteansvaret.

Leiaren får ros for godt arbeid.

PS 28/13 FELLES NATTLEGEVAKT I VOLDA - VERTSKOMMUNESAMARBEID

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Komite for Helse og omsorg - 22.08.2013

1. Herøy kommune inngår ny og endra avtale om nattlegevakt i Volda med dei samarbeidande kommunane Volda, Ørsta, Hareid, Ulstein og Sande.
2. Ordninga gjennomførast som eit administrativt vertskommunesamarbeid, jf kommunelova § 28-1 b, med Volda kommune som vertskommune.

3. Endring i avtala førar ikkje til endra økonomiske konsekvensar utover den ordninga som vart etablert frå 1.1.2013 i medhald av kommunestyrets vedtak i sak 218/12.

PS 29/13 OMGJERING AV LÆRLINGSTILLING TIL FAST STILLING

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Komite for Helse og omsorg - 22.08.2013

1. Personal- og organisasjonsavdelinga reduserer med ei heil stilling for lærling
2. Pleie- og omsorgsavdelinga aukar med 50 % stillingsheimel for institusjonskøkk
3. For 2013 vert det gjort ei intern budsjettkorrigering mellom dei to avdelingane.
Frå 2014 budsjetterer avdelingane etter dei nye føresetnadane

MØTET SLUTT!